

MANNBJØNNEN

Ei dyrehistorie utan sidestykke

Av Bernt Gudrunson Bøe

“Til minne om dei folk bjørnane drap, og om den djerve bjørneskyttaren Tølløv Person Foldal, som i åra 1775-1776 frelste desse bygdene frå rovdyrplagen og skaut mannbjørnen, reiste ungdom av Aasskar, Halså, Valsøyfjord denne steinen anno 1926”

Denne innskifta står å lesa på «Bjønnaustøtta» i Haugaskaret - bautasteinen som i 1926 vart reist ved 150-årsminnet for dei fem menneska som vart drepte av bjørn i desse traktene midt i 1770-åra. Den er samtidig minnesmerke over «Skyttar-Tølløv», jegeren som etter tradisjonen skaut dette mest berykta rovdyret i vår historie, den såkalla «Mannbjørnen», sommaren 1776.

Underleg nok er bakgrunnen for bautaen lite kjent og omtala utanfor dei bygdene der dramatikken skjedde. Hendingane med Mannbjørnen som hovudaktør er nemleg utan sidestykke i både norsk og internasjonale historie. Stoffet i denne artikkelen er for det meste henta frå boka «Kring ein fjord» (Bernt G. Bøe 1980) og samlar både dokumentarstoff og anekdoter.

Den viktigaste samtidige dokumentasjonen på bjørneplagen midt i 1770-åra er to brev som kaptein Johan Michael Meldahl i «Det Brøsiske Compagnie» (Brøske-kompaniet) i Stangvik skreiv til amtmannen i Molde. Det første er datert 4. mai 1776 og skildrar kor «den der i Mængde sig opholdende Bjørn» skaper problem for folk flest – særleg med tanke på krøtterbeita. Samtidig tek kapteinen til orde for ei storstilt bjørnejakt der «vist 500 Mand behøves for at faae Bjørnene uddrevet af sine Huler». Amtmannen bed så om nærare informasjon, og i sitt neste brev (30. juli 1776) skildrar kapteinen konkrete hendingar og dokumenterer heile fem bjørnedrap på menneske i løpet av dei par siste åra. Meldahl (og seinare fleire med han) synest å meine at det var fleire bjørnar som drap menneske dei to-tre åra vi her talar om – noko som blir imøtegått av fagfolk i vår tid. Like eins er hans datering av hendingane ofte upresise. Men breva frå 1776 er likevel dyrebare dokument.

I – Trodalen

«Vendte om og dræbte Manden»

Mest sannsynleg starta dramatikken på den avsidesliggande og no fråflytta markagarden Trodalen ved Surnadalsneset på sørsida av Bøfjorden. Den 8. juni 1775 vart det gjort opp dødsbu etter bonden der, Knud Olsen Trodal. Han var truleg det første offeret for bjørnen. Kaptein Meldahl skriv:

«Da Bjørnen om Aftenen var kommet til Mandens Fæhus for at brække ind, han vilde redde sine Creature, tog han i hast en Kornstør og dermed drev Bjørnen fra Fæhuset, men da han uforsigtig forfulgte den lidt fra Gaarden, og som der syntes, har stukket i Bjørnen den spidse Ende der fandtes blodig, vendte dem om og dræbte Manden.»

Brevet fortel vidare at dottera på garden tok ei øks, hogg til bjørnen «og dermed lidt beskadiger den, som kunde sees af det Blod, som fandtes paa Øxen» slik at dyret rømte. Men som vi skjønner, kom ho for seint til å berge farens liv.

I muntleg tradisjon frå Trodalen har eg fått overlevert litt andre versjonar av historia.

Ole Trodal, fødd i 1907 og oppvaksen på garden, fortalte at bjørnen vart oppdaga da han rispa korn av banda ute på åkeren. Søster til Ole, Dagny Trodal Røsandhaug (fødd 1921) hadde høyrte at det var ei gløddande vedskie den nemnte jenta tok med seg. Ho heldt den i ei tong eller klip, sprang ut og jaga bjørnen med den.

I brevet frå Meldahl heiter det at dette skjedde om våren. Men vi må gi bygdebokforfattaren Hans Hyldbakk rett når han meiner det må ha gått lenger tid mellom ulykka og oppgjeret av dødsbuet. Truleg har drapet skjedd hausten 1774, noko som også stemmer med at bjørnen rispa korn på åkeren.

II - Dragset «Tog han Pigen med Kløerne fat»

Den 13. Mai 1775 blir ei 18-årig gjetarjente drepen på Dragset i Bøfjorden. Ho sat med bundingen og strikka da bjørnen kom. Tradisjonen fortel at ho sprang rundt eit einerkjerr før han fekk fatt på henne: Folk fann bundingsgarnet snarra tre gonger rundt treet.

Både dato og detaljar rundt ulykka er dokumentert gjennom den samtidige Dragset-visa («*En ny Viise om tvende ulykelige Hændelser*»). Visa er skriven av den «*paa Gaarden sig da opholdende blinde Bondepige ved Navn Maria Jonsdatter Dragset*» og skildrar først ei ulykke den 22. mars 1775, da to gutar omkom i båt ute på Bøfjorden. Desse to var endatil brør av henne som bjørnen drap «*før trettende Maij var leden hen*», som visa seier.

<Fotnote eller «faktaboks» om visa:>

Dragset-visa var i si tid trykt, fortalte Maret Vullum (fødd 1835) til folkeminnegranskar Edvard Langset i 1918. Den trykte utgåva er borte, men på garden Mo i Hemne vart ei avskrift funnen i ei gammel kvitteringsbok. Der hadde (alt i 1777) ein gut på 12 år med eiga handskrift kopiert visa vers for vers. Per J. Mo sendte avskrifta til Nordmøre Historielag, som i 1924 trykte «Dragset-visa» i si årbok.

Utdrag frå dei i alt 26 versa fortel om bjørnedramaet. Jenta ropa om hjelp, og folk ved garden hørde henne:

*Saa snart de hørte hendes Raab,
toe Mands Personer strax for op,
for Faarrene at redde.
De tenkte ey at Pigen her
for Faarrene sit Liv ombær,
før de fandt hendes Klæder
og Blodet Marken væder.*

*Og hendes Legem saa de da
at Biørnen tog med bort derfra
og ynkelig parterre.
Før Skud de gaf udaf sin Haand,
da slap han det udaf sin Tand,
sig hen til dennem vendte
og tænkte dem at hente.*

*Men det blev ey af Gud tilladt,
dog tog han Pigen med Kløerne fat
over et Gierde springe.
Han rev og tærte den Piges Krop,
tilsidst gik Udyret lenger op,
der hendes Legem nedfasket
og Tørv og Jord paarasket.*

Elisabet Dragset (Teigen, fødd 1889) sa at dette skjedde i *Krusfatråa* aust for garden Dragset. Ei overlevering går ut på at det nemnte bundingsgarnet var snarra rundt ein *stein* som difor blir kalla *Bjønnasteinen*, men som ikkje ligg i *Krusfatråa*. Det er såleis vanskeleg å dokumentere nøyaktig kvar drapet skjedde.

Litt seinare prøvde bjørnen å ta ei gjetarjente på ein av nabogardane. Etter tradisjonen sprang ho på sjøen og vart berga av kyrkjefolk som kom roande forbi akkurat da. (Meldahl seier det var *to* jenter «*hvilke toge sin Tilflugt til Søen, sprang udi samme og ved tilløbende Folkemængde (bleve) reddede*».) Staden der dette skal ha hendt, ligg mellom Heggemsnes og Kalset, heiter *Mannbjønnberget* og er i dag merka med skilt.

Jonas Settemsdal (1911-2008) fortalte meg at Mannbjønnen også prøvde å ta ei jente i Settemsdalen på denne tida. Ho skal ha sprunge uti elva nedafor det seinare bureisingsbruket Storsletta og berga seg på den måten. Kan hende er det dette Meldahl refererer til når han skriv om at «*en Mands Pige, der vogtede hans Creature, blev angrebet, men ved at springe paa en Elv redde Livet indtil Folk ved hendes Raab kom løbende til Hjælp*». Jonas nemnte ikkje det Meldahl føyer til her: «*Men uagtet 2de Karle ved løse Skud drev Bjørnen bort, dræbte han dog for deres Øine 3 Koer og slaar 6 fordærvet. Dog blev denne Bjørn af de da allerede ordinerede Bjørneskiøttere skudt, med fleere siden, som i min Anmeldelse til Hr. Amtmanden er anmeldet.*»

III – Hendadalen **«Ihjelreven af en Bjørn»**

I kyrkjeboka for Aure prestegjeld (der Valsøyfjorden før hørde til) har presten under «*Iste Søndag efter Trefoldighed*» året 1775 ført inn: «*Ligprædigen over Pigen Gjertrud Larsdatter Henden, gammel 26 Aar. NB. Hun blev ihjelreven af en Bjørn.*»

Dette tredje Mannbjønn-mordet - i Hendadalen – har såleis ut frå kyrkjeboka skjedd i mai-juni 1775, truleg like etter (viss ikkje før) hendinga på Dragset. Kaptein Meldal skriv: «*Efter at Creaturene om Aftenen var drevne hjem af Marken, ser Pigen et Stykke udenfor Gjerdet nogen at gaa tilbage, hvorfor hun gaar tilbage for at faa og disse hjem. Straks blev hun angrebet af en stor Bjørn, dræbt paa Stedet, og førend Hjælp kom, saaledes sønderlidt at alleene hist og her fandtes Levninger tilbage af Legemet.*»

IV - Kalset **«Sled Klæderne bort»**

Utover sommaren og hausten 1775 hører vi ikkje meir til Mannbjønnen. Kanskje fordi det no, som Meldahl skriv, er folk med våpen som gjeter dyra. Men i april 1776 er han på ferde att:

«*I dette Foraar, sidst i April Maaned, da Enhver tænkte Bjørnen ey endnu efter sin sedvanlige Tiid var udgaaet af sin Vinterhule, blev en Huusmand tæt ved sit Huus attaqueret (angripen) af en Bjørn og maatte baglængs retirere sig i sin Stue.*

I samme Tiid vogtede en Pige i den strax hosliggende Gaard Kalset i Stangvigs Prestegjeld en Deel Creature. Bjørnen, som hørte Pigens Røst, forlod strax Manden og opsøgte Pigen, greb fat paa hende, slog mange Hul paa hendes Legeme, sled Klæderne bort og opaad hende for det meste fra Hofterne til Fødderne. Dog blev hun af de nær nedpaa Søen liggende Fiskere reddet ved Livet; men efter nogle Dage døde i en overmaade Piine.»

Denne plassen må ha vore *Kråkå* (Krogen) ved Kalset. Ein *Ola Jonson* var husmann der på denne tida. Historikaren Hans Hyldbakk koplar dette namnet til kyrkjekunstnaren *Ole Joensen Kolset* (1722-1789) – kjend for altartavler og kunstverk i Bremsnes, Halså og Frei kyrkjer (kanskje også Mo) på Nordmøre og i Alstahaug, Dolstad (Mosjøen) og andre kyrkjer på Helgeland. Ole J. Kolset skal, etter det forskarane meiner, vera fødd på Kalset. Hyldbakk skriv i bygdeboka for Åsskard: «*Etter rektor Yderstads opplysningar i årsskriftet åt Nordmøre Historielag for 1946 tok den same mannen borgarskap i Kristiansund i 1764 og døde der i 1789. Like vel er det mykje truleg at vi har med same mannen å gjera.*» Stemmer dette, kan det altså ha vore kyrkjekunstnaren som vart angripen av bjørnen og «måtte baklengs retirere seg i sin stue» den gongen!

Om fiskarane som Meldahl nemner, fortel også tradisjonen: Bonden på Kalset, og kanskje fleire, låg og fiska på fjorden da dei høyrde jenta. Dei rodde til lands for å hjelpe. Da kom bjørnen mot Kalsetmannen med vidopen kjeft. Mannen køyrde åralomen inn i gapet på han, og hunden som var med, flaug på udyret og jaga det. Men jenta var forferdeleg mishandla. Maret Vullum sa: «*Dei samla ihop innvollane og bar dei med seg i stakken hennar.*»

Elles fortel vel Meldahl-brevet detaljert nok om det forferdelege som skjedde med jenta. Kapteinen føyer også til: «*Dagen efter denne Ulykke var skeed, blev tvende Piger i næstanliggende Gaard angrebet af en Bjørn, men af hos sig havende Hunder reddede, dog blev den eene lidt revet i den ene Skulder og Haand.*»

V – Åkvika **«I en ynkelig Tilstand»**

Den siste som vart teken av bjørnen, var drengen til kaptein Gaarder i Åkvika i Halså:

«Imidlertid bliver paa Gaarden Aagvig, hvor Hr. Capitain Gaarder boer, dræbt af Bjørnen hans Dreng, 16 Aar gammel, paa den Maade, at da Capitainens Dreng og Pige vogtede hans Creature nær hos Huusene, kommer Bjørnen uformodentlig over dem, da den ey for Skovens Skyld langt fra kunde sees, slaar Drengen halvdød, forlader derpaa ham og sætter efter Pigen, som dog undløb ham og kunde indberette hvor til stod; men førend Hjælp kom, havde Bjørnen alligevel opædt hans eene Laar fra Hoften til Foden, sa intet uden Beenene var tilbage og bed adskillige Hul i hans Legeme; dog var han ilive, men døde 18 timer derefter i en ynkelig Tilstand.»

Tradisjonen fortel at jenta sprang etter hjelp da udyret kom og at guten klatra opp i eit rognetre. Men bjørnen «med ti manns styrke og tolv manns vett» grov laus røtene så rognått ned og han fekk tak i guten.

Da jenta kom til gards og varsla, sprang folk opp i marka for å yte hjelp. Mor til guten var den første som kom fram til han. Som vi kan sjå av brevet ovafor, var han ille medfaren. Men han klarte å få fram nokre ord, og det er eit sitat som ingen glømmar: - *Å jø, mor, ha du kjent kor ilt det va, det føst bettet han tok tå meg!*

Breva om bjørneplagen

Under overskrifta «*Beskrivelse over de i Nordmørs Fogderi og Stangvigs Prestegjeld i dette og forrige Aar skeede ulykkelige Hændelser av den sig der opholdende Mængde Bjørne*» les vi m.a. dette i Johan Michael Meldahls brev til amtmannen datert «*Quande, den 30de July 1776*»:

«Det er vel tilforn skeed at Mennesker av Bjørne ere blevne dræbte, naar de enten af Skud ere blevne beskadigede, eller naar de skulde driives fra et Aadsel, men at disse Udyr uden Forskiel søger Folk og forbigaaer Creature, ja ret ligger paa Luur og oppasser Mennesker i Veye og Stier, har aldrig tilforn heromkring været bekjendt.»

Innimellom skildringane av dei uhyggelege morda i Trodalen, på Dragset, i Hendadalen, på Kalset og i Åkvika trekkjer han i begge breva fram kor store problem rovdyra skaper for dyrehaldet på gardane. Krøtter er allereie drepne, skriv han 4. mai. Og stor skade vil denne sommaren ramme folket i bygdene «*siden intet Menneske nu meere tør røgte deres Creature, men maa lade dem gaae i deres Engslætter og andensteds paa egen Haand, hvorved Bjørnen gives Leylighed at handle som han vil med dem*».

Og i julibrevet: «*Vovede en Kone eller Pige een og anden Tiid at vogte sine Creature, var strax Bjørnen ferdig, jagede dem hjem, da mange i Forskrækkelse sloge sine Lemmer tilskade.*» Utover

sommaren 1776 blir det betre, les vi – i følge Meldahl fordi skyttarar no passar på: «*Siden den Tiid haver vel Bjørnen dræbt adskilligt Stor- og Smaa-Creature, men ved Skiøtternes idelige Nærværelse deels afskrækket, deels hindret fra at gjøre Skade paa Mennesker.*»

Andre vil kanskje forklare denne betringa med at sjølvaste «Mannbjørnen» vart *skoten* nettopp sommaren 1776! Den historia kjem vi tilbake til.

Så tek da også Kaptein Meldahl til orde for «*en vel anstilled Jagt af Folk og gode Skiøttere*» - under hans eigen kommando. Han får prost Tyrholm til å rope ut på kyrkjebakken i Stangvika at folk må slutte seg til. Men som kapteinen innser: «*... faae eller ingen lod sig indfinde, altsaa lidt eller intet dermed kunde bestilles, dog saa meget at jeg vist saae den Mængde af Bjørne som der opholder sig*». Når ikkje prosten klarte å få ut folket, så burde amtmannen - via fogd og lensmann - ta affære, tykkjer kapteinen. Han meiner ein må få ut 500 mann (!) - ved at «*enhver Gaard- og Huusmand skaffede en dygtig Karl paa Stedet, forsynet med Gevær eller hvad de kunde have til Forsvar*». Dertil må ein rekvirere soldatar – «*saasom mit heele Compagnie, de af Surendahlens Liv-Compagnie, som ligger nederst i Bygden, de Soldater af Capitain Dons' Compagnie som ere i Stangvigs Sogn, og endelig de af Hr. Capitain Gaarders, som ere i Halse Sogn ... Ammunition som hertil udfordredes, maatte enhver Compagnie-Chef forsyne sine Folk med, imod at den igjen af Arsenalet i Throndhjem blev dem erstattet*».

Villmarksliv og overtru

Parallelt med Meldahl-breva og mellom linjene i teksten på Bjønnastøtta kviler det ein underleg mystikken over denne historia. Kva var ein «mannbjønn»? Kva tenkte og trudde folk? Og: Korleis tok det heile slutt?

Eit stikkord er «varulv»-forestillinga. I eit upublisert manus forklarar Odd Williamsen ved Nordmøre Museum dette slik:

«Tilstanden varulv er i faglitteraturen det samme som mannbjørn: et menneske, mann eller kvinne, som omskapes i dyreham. De kan bare skytes med kuler av arvesølv, nykjøpt sølv duger ikke! Og de vet selv om forandringen og kan ta forholdsregler for å unngå å bli drept av nærmeste familie. Men den menneskelige bevissthet forlater dem når dyrehammen overtar, selv om å bli tiltalt med navn og bli vist kjærlighet kan løse forbannelsen. Varulven har alltid noen av menneskets personlige ting skult inne i pelsen; gjerne en ring eller et ildstål – helst i en komplett eldførpung. Og slik kunne man vite at man virkelig hadde skutt en varulv, og hvem det egentlig var. Da kunne også sjelen frelses ved at skinnen ble delt - i sju biter og gi dem til sju forskjellige kirker. De største og farligste bjørnene fikk alltid skinnen plassert i kirka; etter hvert mer til ære for jegeren enn til mannbjørnsjelens frelse.»

I «Nordmørs Beskrivelse» frå rundt 1770 er fenomenet omtala slik: «*De troer, at Mennesker kan omskiftes saavel til Ulv som til Bjørn, og forteller herom mange fabler. Saadanne Bjørne kaldes Mandbjørne, og de paastaer at paa saadanne Bjørne bider ingen Kugler, men kun en Sølvknap.*»

<Fotnote /faktaboks om «Nordmørs Beskrivelse»:>

«Nordmørs Beskrivelse» (Forsøg til en fysisk-oeconomisk Beskrivelse over heele Nordmør) vart påbegynt i 1768 av Tingvoll-kapellane Eiler Hagerup Kempe (1733-1771) og vidareført etter hans død av Jens Lemvig Bull (1727-1799; prest og kapellan i Grip og Kvernes) og Hans Grøn Bull (1758-1833, prest i Kvernes og Tingvoll og sønn av J.L. Bull). Boka vart ikkje trykt, men Nordmøre Historielag har i mange år arbeidd med ei ny-utgjeving. Eit eige fond er avsett til formålet, og manuskriptet blir transkribert i Trondheim. Ein «smaksprøve» står i Årbok for Nordmøre 1995 («Topografi af Tingvold præstegield»). Om vår siterte tekst «*De troer, at Mennesker kan omskiftes ...*» er med hos Kempe (før Mannbjørnen herja) eller er tilføyd (av far eller sønn Bull) seinare, er usikkert. Men varulv-trua eksisterte jo uansett før Mannbjørnens tid. (Fylkebiblioteket opplyser (mail, okt/2015) at Nordmørsbeskrivelsen originalt er på latin. Kvar eg har funne dei norskspråklege sitata, hugsar eg ikkje. For tidskolorittens skuld har eg gjort eit forsøk på å gjengi dei i tilnærma 1700-tals dansk/norsk språkform. Bernt G. Bøe.

Som vi skal sjå lenger framme, var slike forestillingar internasjonale og allmenne. Vi ser dei tydeleg hos nordmøringane som opplevde «Mannbjørnen». Ja, også hos jegeren som skaut mordardyret - den legendariske Tølløv Person Folldal - «Skyttar-Tølløv».

Sommaren 1776 kom Tølløv til traktene ved Hjelmen nord for Settemsdalen – truleg bodsendt for å gjera ende på bjørnetragediene. Ein kamerat var med han, anten *Lars Jara* frå Eidet eller *Ola Engli*, begge er nemnt. Om karane overnatta i Englia eller i Settemsdalen, veit vi heller ikkje sikkert. I det heile er det sagt ymse om desse hendingane.

Elise Settemsdal (1886-1979) fortalte det slik: Tølløv og kameraten stasjonerte i Oppigarden og låg på låven der natta før den historiske jakta. I halv-fire-tida la dei ut. Ved Tunderen øvst i dalen fann dei bjørnespor, som dei rekte i dogga. Oppe i lufta sveiv nokre ramnar – dei følgjer rovdyra for å nyte leivningar om bjørnen tek eit bytte. Og så - i *Mørkdalen* mellom Raudfjellet og Hjelmkona fann dei bamsen – han låg på ein flat stein og sov. (Etter Gunnhild Myrholt (1845-1933) heiter det at han låg i *Hjelmskaret*. Det er også sagt at det var oppi *Benkjinn* han vart oppdaga – i så fall på nordvestsida av Hjelmen.)

Mørkdalen, Hjelmskaret eller Benkjinn – no tetnar det til med mystikk og drama. Men før vi slepper segner og folketradisjon laus, skal vi vite litt meir om Skyttar-Tølløv.

Mykje på ferd til jeger

Tølløv (Torleiv) *Pedersøn Foldal* levde frå 1712 til 1795 og må ha vore landets fremste bjørnejeger gjennom tidene. I ein søknad til Vitenskapsselskapet om premie, ført i pennen av presten Hagerup i 1772, oppgir han å ha skote 103 bjørnar og 11 ulvar til da.

Hagerup stadfester: «*Saa meget er mig og den ganske Menighed vitterligt, at han haver ødelagt (avliva) mange i Tallet, hvilket har været hans største Opholdsmiddel, som jeg saa meget sikrere kan bevidne, da jeg selv saa sidstleden sidst i Augusti Maaned, da jeg var ved Rindals Kircke, at forbemeldte Tølløv Pedersen kløvede en skudt Bjørn hjem, af hvilken Huden var avtagen og Kjødet avvasket og nedsaltet.*» Og futen Wedege føygde sin attest til: «*Den benævnte Huusmand Tølløv Pedersen Foldalen er en god Skøtter og har ødelagt mange Rovdyr, baade Bjørne og Ulve, saavel her i Nordmørs Fogderi som Andetsteds, hvilket og har været hans meste Ophold.*»

Søknaden om premie vart innvilga – noko som i folketradisjonen vart til «gullmedalje frå Kongen i København for edel dåd». Tølløv oppnådde elles formell status som «ordineret» eller «autorisert» bjørnejeger - jakt var levevegen. Uoffisielt vart det sagt at han skaut 160 bjørnar. Tingbøkene fram til 1779 (og med unntak av åra mellom 1737 og 1760) dokumenterer berre rett nok «berre» 21 (som han har vist fram for å heve skotpremie), men det rette talet var sikkert 3-sifra. Desse listene viser at han skaut bjørn både i Rindalen, Folldalen, Vindøldalen, Todalen, Surnadalen, Bæverdalen og Valsøyfjorden,

Faren (Peder, «Pe» - ein mykje søkt kvaksalvar i si tid) dreiv «Garden» i Folldalen sør for Rindalen. Der fekk altså Tølløv viktige deler av barndomen sin. Og la grunnlag for eventyrlege legender.

Berre ti år gammel tok han børsa til faren og skaut ei linerle som sat på ryggen av ei ku – medan mora mjølka kua!

Som 12-åring var han med faren på bjørkaløyping ein sommardag, men vart lei og stakk av – på orrfugljakt. Da han fekk sjå ei bjørneunge klatre langs ein bjørkestamme, klemte han til og skaut ungen. Straks etter kom ein til same veggen – og fekk same skjebne. Så dukka bjørnemora opp på ein bergehammar. Gutungen lada om att og skaut bingsa også! - *Ja, no he eg skote tri bjønna, eg!* sa han da han kom tilbake til faren. – *Ja, du ser ut te di, du!* fnyste Pe. Men Tølløv gav seg ikkje, og faren måtte innrømme at det var sant: - *Ja, he du skote tri bjønna, da he du ikkje vesst kva du he gjort!* sa han.

Talentet utvikla seg vidare. Ein tingdag i Rindalen ville futens folk sjå kva han dugte til – ryktet om ein uvanleg stødige skyttar hadde spreidd seg. - *Skyt etter verhanen i kyrkjespiret!* peika dei. Tølløv la seg på låvegolvet og sikta mot blinken 400 alen unna. Det small, og den granne teinen under verhanen gjekk tvert av. Hanen datt ned - og vart plassert inne i kyrkja til stas!

Bonden på Fiskja sat med sylen og bøtte hestgreiet. Tølløv kom framom og vart beden om å vise kva han dugde til. – *Ja, herredon!* sa han (eit uttrykk han ofte bruka), - *ofrar du sylskaftet, så skal eg skyte!* Fiskjas-bonden sette sylen – med ein fin messingholk på skaftet – bort i linhusveggen. Tølløv skaut vekk skaftet så berre holken stod att!

Ein gong kom Tølløv forbi same garden medan dei heldt eksis der. Soldatane skaut på 200 meters hald, men kapteinen kjefta fordi dei trefte så dårleg. Han utfordra Tølløv, som motvillig sendte tre skot mot skiva. Resultatet viste eitt kulehol. Altså to bom? Tølløv bad dei sjekke innslaget bak skiva. Der låg alle tre kulene i lag; dei hadde gått gjennom same holet. Kapteinen vart så imponert at han gav Tølløv 3 sølvdalar i premie.

Som jeger var han også utruleg nidkjær, uthaldande og tøff. Ein gong kraup han inn i bjønnahiet med talglys framme på borsepipa. Bjørnen geispa og strekte seg. Tølløv helsa: - *Det e brukeleg når to gamle venna treffest, at dem skjenkje kvarander. Så vil ikkje du skjenkje meg, så får vel eg skjenkje deg!* sa han - og skaut bjørnen.

Innafor Liagarden låg han i to døgn og venta på ei gaupe i ein stein-urd – forgjeves. På Storlifjellet skaut han to bjørnar seint ein haustkveld. Det vart så mørkt at han ikkje kunne gå vidare. Men Tølløv flådde eine sida av kvar bjørn, bretta dei to halve skinna rundt seg – og sovna.. - *Herredon, eg he alder sove be'r!* sa han om dette.

I Kløftseter-marka i Vindøldalen kom han i slåsskamp med ein skamskoten hobjørn og fekk ikkje lada så han kunne skyte igjen. Dei kjempa på liv og død. Tølløv gleid og datt, men lell klarte han å støyte borsepipa ned i bjørnegapet med slik kraft at dyret seig ihop.

Også utan borse klarte han det utrulege. På Nonshaugen ved Fiskja-setra i Folldalen sette han krokfot for ein bjørn, så dyret datt utfor berget og endte sine dagar.

Somme meinte Skyttar-Tølløv kunne fara for stygt åt. Han vart endatil skulda for å ha utrydda elgen i Folldalen, der han eitt år gjorde stort innhogg i bestanden ved å skyte 18 elgar, som delvis hadde gått seg fast i skaresnøen.

Frå anna hald hører vi at han var meir human enn andre jegerar. Ein bededag forfølgde han og ein dei seinare kalla Blod-Hallvard ei elgku. Til slutt var dyret utmatta, seig ned og såg med bedande augo på jegerane. Tølløv vart rørt: - *Herredon, eg skyt ikkje nei!* Men Hallvard viste ingen nåde, skaut elgkua – sjøl om det var bededag. Han fekk tilnamnet sitt etter dette.

Personen Skyttar-Tølløv

Tølløv Folldal vart i 1740-åra gift med Ingeborg Mikkelsdotter Kirkholt frå Rindalen. Dei kjøpte ein part av Vålås- garden (Vederskaret) i 1752, men budde etter kvart ymse stader – m.a. på Tjønnholten i Romundstadbygda. Sønne deira, Ola, er kjend som *Kårøy-Skyttaren*. Ein kløvsal etter Tølløv, med namnet hans brodert i bekatråd, fanst i si tid i Nestua på Helgetun.

Korleis såg han ut, denne legendariske jaktmannen? Gjertrud Bjørnås hugsar dei bød-sendte Tølløv til Bjørnås-setra fordi det var så mykje bjønn som tok krøtter der. Ho var lita jente og var med bestemor si på setra. Da Tølløv kom, vart ho redd og gjømt seg bak stakken til bestemora: – *Han var svart i*

augo og hadde ei fillut stribrok på seg, der han kom inn gjennom døra med børsa på aksla. (Tølløv overnatta i fjøset, fekk rømmegraut – og skaut 2 bjønnar neste dag!)

Han vart også tillagt overanturlege evner: Ein kveld Tølløv var i Fiskjaslia, kom det ein forferdeleg stygg skapning, eit reint «ufreskje», inn døra. Skyttaren reiste seg, las ei mystisk regle - og skrømtet seig bort i mørkret att. Slik er det sagt.

Det ligg eit drag av eventyr omkring Tølløv, ein mystisk glorie. Og jakta på Mannbjønnen har alle ingrediensar til ein thriller av dei store: Her er ein uhyggeleg «skurk» - bjørnen som hensynslaus og slu mordar. Her er mystikk og uforklarleg trolldom. Her er den suverene helten – smart, modig og stø på avtrekkaren. Men her duger ikkje vanleg bly – berre sølvkuler!

Så rart den enn hørest: Historieskribenten John J. Tørset påstod at Skyttar-Tølløv aldri hadde si sjølveigande rifle, men alltid lånte seg våpen! - *Den bedste rifle, og tillige den han mest brugte, var fra gaarden Storhalt oppe ved Meldalsgændsen*, skriv Tørset (1899) og siterer Tølløv: «*Det e' naar e he Storhaltrefla at e lit paa me!*»

Bjørnejakta ved Hjelmen

Så var det kanskje Storholt-rifla han bruka da han fann bjørnen som låg og sov oppmed Hjelmen den sommarmorgonen i 1776. Vi gir ordet til folketradisjon og anekdoter:

Først går Tølløv i ring rundt steinen der bjørnen ligg – sikkert tre gonger, så magien i «trollringen» får full kraft. Så tek han fram sølvkula han skal ha laga av ein knapp frå kyrkjeskjorta eller brystduken sin og legg den framom blykula i børseløpet.

Men sjøl på ein slik dag følgjer han den uskrivne lova at ingen tek liv medan det søv. Han ropar så det ljør mellom fjella: - *Høy, gut! No må du vakn opp – så ska du få morgosdrammen din!* Og litt etter: - *Ja, e no du ferdig no, så e no eg ferdig!*

Bamsen vaknar og kjem settande mot dei to jegerane. Kameraten skyt først, slik dei har avtala. Men bamsen dett ikkje. Er det bom? Er det skamskot? Eller er det blyet som ikkje bit på trolldyret?

Bjørnen stemner beint mot dei. Men – det seier segna: Idet han kjem fram til trollringen, kjem han seg ikkje lenger. Han stoppar og blir ståande på bakføtene og brøle med vidopen kjeft!

Da er det meisterskyttaren løftar flintlåsørsa med søvladninga. Det smell – og det er som dvergmålet av sølvskotet ikkje vil ta ende der det rullar innover fjellheimen. Eit skjebnesekund står bjørnen stiv og still – før han ramlar i hop på marka. Sjølvaste Mannbjønnen har endt sitt blodige liv.

Skrotten blir dregen ned til Sollia. Han er forresten ikkje så stor – Tølløv sjøl skal ha sagt at det var «*berre ein mager, gammel tufs tå ein bjønn*». Men da han blir flådd, finn dei ikkje mindre enn sju kuler i han. Det har altså vore skote på han før – utan nytte: «*Paa saadanne Biørne bider ingen Kugler!*»

Noko av det frodigaste folkefantasien har henta fram, er likevel det som Hovlik Henden seinare herma etter folket på Henda – det var deira Gjertrud Larsdotter som døydde i bjørneklørne: - *Mellom hold og skinn på han fann dei ei beltereim med kniv og slire!*

I tråd med tru og skikk vart bjørneskinnet delt og plassert i kyrkjene der dei fem døde var gravlagde – i Stangvik, Halså og Aure. I Stangvika brann kyrkja, og dermed skinnet, alt seks år seinare – hausten 1783. Folk som gjekk for presten i 1860-åra hugsa nokre grå skinnrestar bak altaret i Halså-kyrkja. Og Olav Waagsand, som var konfirmant i Aure-kyrkja i 1890-åra, fortalte meg personleg at han såg ein skinnrave av Mannbjønnen - som fotmatte i preikestolen der.

Segn og sanning

Kva er sant? Kva er fantasi? Mannbjønn-dramaet tvingar fram mange spørsmål.

Var det ein eller fleire bjørnar som drap dei fem menneska? Heilt sikkert var det mykje bjørn på Nordmøre i 1770-åra. Kaptein Meldahl skriv til amtmannen at han sjøl har sett «*den Mængde af Bjørne som der opholder sig*» og som er til «*største Bekymring ... paa de Steder, hvor dette Skadedyr nu grasserer*».

Statsarkivar *Anders Todal* (Årsskrift for Nordmøre Historielag 1923) og nokre andre meiner at teorien om ein mordarbjørn er oppspinn og at det var fleire bjørnar som drap menneska den gongen.

Som motsvar til dette kan vi sitere professor i zoologi ved Universitetet i Oslo, *Kåre Elgmork* (1924-2011). Han skreiv ein kommentar i avisa *Driva* 3. april 1979 der han viste til mine artiklar om «Mannbjønnen» - altså same stoffet som du no kan lesa her i årboka. Elgmork skriv mellom anna:

«*Slike tilfelle er uhyre sjeldne, og det finnes bare meget få tilfelle hvor mennesker er angrepet uprovosert utenom jakt på bjørnen. Og det hører til unntakene at den også spiser av mennesker som er angrepet. Bjørnen oppfatter ikke mennesket som noe byttedyr. Ved angrep på mennesker fra nyere tid er mønstret at den tilføyer den angrepne en del skader som oftest ikke er livsfarlige, og at den så raskt trekker seg unna. Tilfellet på Nordmøre hvor flere mennesker skal være spist på med døden til følge, er derfor meget spesielt. Fra nyere tid er angrep på menneske hvor dette også spises, kjent fra 1960-årene i Sibir, og skyldes helt ekstraordinære forhold.*»

Om vår Mannbjønn-historie seier Elgmork: «*Den mest sannsynlige forklaring er at det opptrådte et individ med en helt avvikende adferd. Ville, som tamme, dyr har et varierende adferdsmønster, og i sjeldne tilfeller kan det dukke opp individer med en så ekstrem oppførsel at den må karakteriseres som abnorm.*» Området mellom Trodalen, Dragset, Hendadalen, Kalsset og Åkvika er godt innafør det ein bjørn kan besøke i det aktuelle tidsrommet, seier professoren og konkluderer slik: «*Det er derfor ingen grunn til å anta at det var mer enn en bjørn som var ansvarlig for angrepene på mennesker den gangen ... At flere slike individer skulle opptre samtidig, er derfor meget lite sannsynlig.*»

Så om vi trekkjer frå alt oppspinn, er det likevel meir enn nok dokumentasjon på at dette er eit stykke historie å ta vare på.

Beistet i Gévaudan <kap. nedanfor som «faktaboks»?>

Når alt ovanfor er sagt, er det interessant å trekkje fram ei fransk historie. Og var «Mannbjønnen» fæl, så var «*La Bete du Gévaudan*» enda mykje verre ...

Sitatet frå «Nordmørs Beskrivelse» (sjå ovanfor) viser folketrua sine tankar om dyr som oppfører seg unormalt. Den klassiske varulv-forestillinga omfattar også *mannbjønnar*. Og like interessant er myten om at slike må skytast med *sølv*!

Midt i 1760-åra, ti år før Mannbjønnen, skjedde ekstreme ting i provinsen Gévaudan i Frankrike. Frå 1764 til 1767 vart her 100 (!) menneske drepne av ulveliknande uhyre. Sjølv om det nok handla om fleire (minst to) rovdyr, blir det omtala som «Beistet i Gévaudan». Hendingane spreidde gru i området, men vart likevel lite omtala i utlandet. Ingen har funne endeleg svar på kva uhyre dette var. Men gjennom myter og dokument anar vi dyr på størrelse med ei ku og med uhyggeleg evne til å oppsøkje og maltraktere sine offer. Her finn vi likskapstrekk med Mannbjønn-historia.

Franskekongen *Ludvig 15.* lova ein enorm skotpremie til den som drap beistet. Mange prøvde, og hausten 1765 felte *Jean-Fr. Antoine de Bouterne* ein kjempeulv (1,80 m og 65 kilo) som dei trudde var «La Bete». Men drapa fortsette. Endeleg: I juni 1767 stod *Jean Chastel* ansikt til ansikt med eit liknande monster. Han las sitt litani for Jomfru Maria og lada musketten. To sølvkuler, støypte av ein

Maria-medaljong, vart udyrets bane. Den siste av kulene treffe ulven i hjartet – med dødeleg effekt. At dyret, som i dårleg utstoppa tilstand vart sendt til Versailles, stinka så fælt at kong Louis VX vart rasande, er ei anna historie!

Vi kan berre ane dei skrekkforestillingane som uhyret i Gévaudan gav næring til – ispedd mellomaldersk overtru om menneske som i ondskap «gjekk igjen» i dyreham.

Svensk tradisjon – og Selma Lagerlöf

Fransk og nordmørsk tankegang, medrekna den om sølvkula, finn vi att også aust for Kjølen. På plansjen «Om bjørn i svensk tradition» i dyremuseet på Skansen i Stockholm les vi (mesta som hos Kempe og Bull): «*At människor kunne förvandlas till varulvar var väl känd. Men det fanns också en föreställning om att man kunde «gå i björnham». Ham-björnar kunde endast dödas om man laddat geväret med en silverkula.*» Plansjen er illustrert med ein bjørn som spelar *sekkepipe*; eit symbol på «vreide», som er ei av dei sju «dødssyndene».

I romanen «*Gösta Berlings Saga*» refererer den svenske forfattaren *Selma Lagerlöf* (1858-1940) til den same folketrua - medrekna sølvkula!

Kapittelet «Den stora björnen vid Gurlita-kollen» opnar slik i norsk omsetting: «*I skogenes mørke bor vanhellige dyr ...*» Så nemner ho ulv, gaupe, hubro (og heks!) før ho held fram: «*Og der bor den forferdeligste av dem alle - bjørnen - som har tolv manns styrke og som - når den er blitt slagbjørn - bare kan felles med en sølvkule. Kan noe gi et dyr mer av skrekkens nimbus enn dette at den bare kan felles med en sølvkule? Hva er det for skjulte, forferdelige krefter som bor i den og som gjør den hård mot alminnelig bly?*»

Vidare i forteljinga dreier det seg mykje om ein bestemt, forferdeleg og abnorm bjørn - med trekk som er svært likt vår Mannbjønn. Og til slutt blir han felt - av nettopp ei sølvkule!

Eit interessant lokalt poeng er det her at Selma Lagerlöf var brevvenninne med *kunstmålaren Dorothea Follestad* (1855-1921) frå Stangvik. Som fattig kunststudent skreiv Stangvik-jenta til diktaren og nærmast «tagg» om å få tilsendt ei av Lagerlöf sine bøker – og det fekk ho som gåve! Brevvekslinga innebar gjensidig respekt mellom dei to kunstnarane fram gjennom livet. Og da Dorothea Follestad døde i 1921, sendte Selma Lagerlöf personleg kondolansebrev. Det vil forundre meg om ikkje Dorothea har nemnt Mannbjønnen til diktaren når dei utveksla tankar om Berling-romanen. Eller: Kan til og med Lagerlöf – via Dorothea Follestad - ha visst om hendingane på Nordmøre så tidleg som i 1891, da ho debuterte med «*Gösta Berlings Saga*»? Skriv ho indirekte om vår «Mannbjønn»?

*

Kor som er: Neste gong du passerer Bjønnastøtta i Haugaskaret eller nyter tur i flott landskap ved Hjelmen, Trodalen, Dragset, Henda eller i Halså, kan du la tankane svive tilbake til dei dramatiske hendingane her midt i 1770-åra.